



Medlemsskriv våren 2013

Styret for 2013 er:

Hanne Våland	leiar	tlf. 909 20 466, epost: mailto:hanne.vaaland@hotmail.com
Magnar Fjellheim	nestleiar	tlf. 913 18 601, epost: mailto:maritmag@frisurf.no
Bjørn Ståle Bekkeheien	fôrmann	tlf. 915 90 943, epost: mailto:bsbekkeheien@hotmail.com
Atle Ravndal	styrem.	tlf. 901 72 675, epost: mailto:atleravn@online.no
Elling Stangeland	1. vara	tlf. 916 01 788, epost: mailto:elling.stangeland@hesbynett.no

Sekretær og kasserer utanom styret:
Leiv Kristian Skrettingland tlf. 915 73 048, epost: lk@skrettingland.no

Aktivitetsplan 2013

Agrovisjon: 11. – 13. okt. Me har gjort lag med Forum Ku og har felles stand med dei.

Gris i `13: Hamar 14. -15. nov. Me lager tur med fly i lag med Norsvin Rogaland.

Julabord: 7. des.

Fagmøte eller "miniseminar" med FKRA i januar 2014

Nytt purkefôr. FG Spesial

Me har gjort avtale med begge møllene om produksjon av vårt nye purkefôr, FG spesial.

Som resultat av at fleire av våre medlemmar ville prøva andre purkefôrtypar enn FG purkefôr, har me i samarbeid med kontaktar i Danmark utvikla dette. Det har vorte utprøvd av nokre av våre medlemmar i ein periode nå og tilbakemeldingane er svært gode.

Pris på dette fôret er lågare enn FG purkefôr: FKRA 3,39 og Fiskå 3,24 kr/fen, pr 1/6 2013.

Prisane på dette fôret vert også lagt ut på nettsidene kvar månad.

FG spesial har soya som proteinkilde og inneheld berre animalsk feitt, og totalt feittinnhald er max 2,5%. Resepten er dessutan meir fleksibel på råvare. Ta gjerne kontakt med Magnar Fjellheim for meir info.

"FG purkefôr u/mycofix" går ut og vert erstatta av FG spesial som også er utan mycofix.

FG smågrisfôr er fortsatt tilgjengeleg, men må forhåndsbestillast 4 dager før ønska levering.

FG har godteke midlertidig endring i FG purkefôr:

Møllene har nu fået lov til at tilsette 10% mais i Forum Purkefôr for at få lavere DON i Fôr.

Mais er positiv på Purkefôr. mvh Erik jensen

Nytt opplegg for fôrprøver.

Dei fôrprøvane som frå nå vert sendt inn i regi av Forum Gris vil verta samla inn og sendt inn felles. Vertar vil verta kontakta av våre to fôrmenn Bjørn Ståle og Elling.

Alle don-prøver skal på grunn av for stor feilmargin etter nåverande ELISA metode på Labbnett, og etter ynskje frå møllene, frå nå av sendast til Østerrike for testing etter HPLC metoden.

Medlemmar som ynskjer enkeltprøver ordnar nå det gjennom møllene som reklamasjon. Ta kontakt med Arild Eriksen i FKRA eller Sigurd Nordland i Fiskå. Spør etter test frå uavhengig laboratorium. Kostnadane for dette vert normalt teke av møllene. Dette gjeld for alle typar fôr. Vær heller ikkje redde for å spørja om DON-nivået i partiet når de bestiller. Møllene bør og skal ha oversikt over det til ei kvar tid. Me er store kundar og skal stilla store krav.

Sjekk våre nettsider, her vert nytt lagt ut fortløpende, bla. nye fôrprisar og prisutvikling kvar månad. <http://www.forumgris.no/prisliste.php>

Skjema for fôrprøver til LabbNett som har lege på heimesida vår vert fjerna og erstatta med info om ny ordning.

Besøk av Erik Jensen

Erik er i Rogaland 17. til 19. eller 20. juni alt etter behov. Ta direkte kontakt med han om du vil ha besøk. tlf: + 45 40 30 57 10 eller epost: <mailto:erikjensennorge@gmail.com>

Pressa økonomi pga overproduksjon og ein for grisen dårleg jordbruksavtale, gjer det særskilt aktuelt å ha ein gjennomgang i grishuset for å optimalisera drifta.